



Kenneth Lambrechts Johnsen
Stekkevikvegen 32
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1907 - 19/15580

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

08.07.2019

2. gongs førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på GBNR. 45/57

Saka gjeld

Meland kommune har 06.09.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om framandelement i septiktanken og 04.07.2019 motteke melding om at det er lågt nivå i septiktanken og at det er funne lekkasje i andre kammer i tanken på eigedommen din, gnr. 45, bnr. 57.

Grunngeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet. Den siste meldinga kommunen har fått frå Norva 24 Vest, er at tanken no er i så dårleg forfatning at den **må utbetrast snarast**. Tanken din vart tømt 20.06.2019 og det vil vere eit godt utgangspunkt for reparasjon no.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tanken må reparerast **innan 31.08.2019**.

Retting må skje ved at framandelement i septiktanken blir fjerna og at tanken må tettast. For å fjerne framandelement i og tette septiktanken må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak eller føretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når framandelementet i septiktanken er fjerna.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å fjerne framandelementet i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan neste tømning**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er utbetra, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å fjerne framandelementet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 45-57 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Kenneth Lambrechts Johnsen

Stekkevikvegen 32 5917

ROSSLAND